

# **Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate Governance) i SpareBank 1 Søre Sunnmøre**

## Innholdsliste

Innholdsliste .....	2
Revisjonshistorikk .....	2
1.    STRATEGI FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING .....	3
1.2    Kven dette gjeld for .....	3
1.3    Godkjenning .....	3
1.5    Struktur for styrande dokument .....	3
2.    UTGREIING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING .....	4
3.    VERKSEMD .....	4
4.    EIGENKAPITAL, KAPITALKRAV OG UTBYTTE .....	5
5.    LIKEHANDSAMING AV EIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE .....	6
6.    FRITT OMSETTELEG .....	6
7.    GENERALFORSAMLING .....	6
8.    VALNEMND .....	7
9.    GENERALFORSAMLING OG STYRE, SAMMENSETNING OG UAVHENGIGHEIT .....	7
10.   STYRET SITT ARBEID .....	8
11.   RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL .....	8
12.   GODTGJERING TIL STYRET .....	9
13.   GODTGJERING TIL LEIANDE TILSETTE .....	9
14.   INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON .....	9
15.   SELSKAPSOVERTAKING .....	9
16.   REVISOR .....	9

## Revisjonshistorikk

Dato	Versjon	Skildring	Forfatar/endra av
30.10.2013	0.1	Dokument oppretta	Per Olav Opsal, May I. Odden,
27.11.2013	0.1	Utkast til dokument	
04.12.2013	0.2	Handsama i leiargruppa	
13.12.2013	1.0	Godkjent i styret	
07.11.2014	1.0	Godkjent i styret	
08.12.2015	3.1	Godkjent i styret	
23.01.2017	3.2	Årleg revisjon	May I. Odden
23.01.2018	5.0	Årleg revisjon/eigenkapitalbevis	Stig Brautaset/May I. Odden

## 1. STRATEGI FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

### 1.1 Bakgrunn/Formål

Bakgrunnen for dette dokumentet er Norsk anbefaling for «Eierstyring og Selskapsledelse» av 30. oktober 2014. Formålet med denne anbefalinga er at selskap som er noterte på regulerte marknader i Noreg skal ha eigarstyring og selskapsleiing som klargjer rolledeling mellom eigarar, styre og dagleg leiing – ut over det som følger av lovgivinga.

Anbefalinga inneheld til saman 15 punkt. Etterleving av anbefalinga skal skje på bakgrunn av eit "følg eller forklar"-prinsipp. Dette inneber at banken må gjere greie for korleis den har innretta seg i forhold til dei ulike punkta i anbefalinga, og eventuelt forklare kvifor og korleis den har innretta seg på ein annan måte.

Anbefalinga er tilpassa aksjeselskap og til ei viss grad sparebankar med noterte eigenkapitalbevis. I punkta 1-15 blir dei einskilde punkta i anbefalinga gjennomgått. Banken ønskjer å følgje denne anbefalinga så langt ho passar. Avvik frå anbefalinga blir forklarte.

Vidare er det i Lov om årsrekneskap m. v. § 3-3b sett krav om at det i årsmeldinga eller i dokument det er vist til i årsmeldinga, skal vere ei utgreiing av prinsipp og praksis vedkomande føretaksstyring. SpareBank 1 Søre Sunnmøre har obligasjonslån som for tida er noterte på ABM-børsen ved Oslo Børs.

### 1.2 Kven dette gjeld for

Dette dokumentet gjeld for alle tilsette i konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

### 1.3 Godkjenning

Dokumentet skal godkjennast av styret årleg.

### 1.4 Oppfølging

Dette dokumentet skal vere gjenstand for ein årleg revisjon som skal ta omsyn til endringar i offentlege krav, interne forhold, eksterne omgjevnadar.

Dokumentet "Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Søre Sunnmøre" skal offentliggjerrast på [www.sparebanken.no](http://www.sparebanken.no).

### 1.5 Struktur for styrande dokument

Strategien for eigarstyring og selskapsleiing er basert på følgjande overordna strategidokument:

- SpareBank1 Søre Sunnmøre sin Strategiplan for 2018-2020
- SpareBank1 Søre Sunnmøre sine etiske retningslinjer
- Strategi og policy for risiko- og kapitalstyring

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet blir styrt etter for å sikre interessene til kundane, medarbeidarane og andre grupper. Konsernets verksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning og gi auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådde og realiserte. Skildringa nedanfor viser korleis dei 15 punkta i den norske anbefalinga for eigarstyring og selskapsleiing er følgde opp i SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

## 2. UTGREIING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Corporate Governance – eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar dei verdiar, mål og overordna prinsipp som banken blir styrt og kontrollert etter for å sikre interessene til innskytarane og andre grupper i banken.

For å ha ei god styring av verksemda har banken særleg lagt vekt på:

- ein struktur som sikrar målretta og uavhengig styring og kontroll
- system som sikrar måling og ansvarleggjing
- ei effektiv risikostyring
- fullstendig informasjon og effektiv kommunikasjon for å underbygge tillitsforholdet mellom generalforsamlinga, styret og leiinga.
- likehandsaming og balansert forhold til andre interessegrupper
- etterleving av lover, reglar og etiske standardar

Verksemda til konsernet er avhengig av tillit frå kundar, offentlege styresmakter og samfunnet elles. Bankens medarbeidarar skal opptre på ein føreseieleg måte, ha høg etisk standard og vise respekt for banken sin tradisjon som ein lokalt forankra sparebank. Dette inneber at dei tilsette skal vise ei åtferd som blir oppfatta som tillitvekkande, ærleg og reieleg, og som er i samsvar med dei normer, reglar og lover som gjeld i samfunnet i dei tilfelle dei tilsette blir identifiserte med bedrifta.

Etikk og moral er ein viktig føresetnad for langsiktig lønnsemd og måloppnåing. Banken har utarbeidd etiske retningslinjer i tillegg til interne retningslinjer for eigenhandel og innsidehandel. Retningslinjene skildrar lover og reglar som gjeld for alle tilsette, vikarar og tillitsvalde, både internt og overfor banken sine interessegrupper. Dei etiske retningslinjene er kommuniserte i organisasjonen og definerer kva som er ønskt og uønskt veremåte. Alle tilsette er pålagt teieplikt og skal underskrive et teieløfte. Teieplikta er ikkje til hinder for at tilsette informerer om forhold i konsernet som ein meiner er i strid med gjeldande lover, reglar eller forskrifter. Dersom ein blir kjent med ureglementerte forhold, må dette rapporterast til næraste overordna. Brot på retningslinjer og rutinar blir ikkje aksepterte. Slike brot vil kunne føre til skriftleg åtvaring, og kan få konsekvensar for tilsettingsforholdet.

Bankens verdigrunnlag seier korleis banken sine medarbeidarar skal stelle seg med tanke på etikk og åtferd. Leiar- og medarbeidarskap er forankra i banken sitt verdigrunnlag, rutinar, retningslinjer og arbeidsreglement. Det er viktig at alle medarbeidarane har solid kompetanse og gjennomfører sitt daglege arbeid med god kvalitet. Banken vektlegg ein bedriftskultur som fremjar gode prestasjonar, trivsel, arbeids glede og eit godt arbeidsmiljø. Dette blir målt gjennom jamlege undersøkingar. Banken er med si lokale forankring og sitt kontornett ein integrert del av lokalsamfunnet, og er aktivt engasjert i å skape og delta i lokale møteplassar. Som sparebank har SpareBank 1 Søre Sunnmøre høve til å sette av deler av overskotet til allmennyttige formål. Dette blir brukt medvite for å fremje vekst og utvikling i banken sitt marknadsområde. Gåver og sponsorbidrag skal vere forankra i bankens visjon og forretningsidé, og skal fordelast på ein måte som underbygger breidde og mangfald.

## 3. VERKSEMD

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er eit sjølvstendig finanskonsern tilknytt SpareBank 1 Alliansen.

All kundekontakt skal bygge på forretningsmessige prinsipp, banken sitt verdigrunnlag, etiske retningslinjer og banken sin visjon.

Gjennom å gi verdigrunnlaget eit konkret og praktisk innhald i kvardagen, ønsker banken å fremje samarbeid mellom dei enkelte medarbeidarane og einingane - alltid med formål å gi kundane dei beste løysingane, og med god kvalitet og service.

Banken kan utføre alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lovgiving.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal gjennom aktiv og tillitsskapande rådgiving selje eit breitt spekter av finansielle produkt til personar, bedrifter og offentleg sektor i banken sitt nedslagsfelt, og til utvalde kundar elles i landet.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre skal vere ei drivkraft for å gjere det betre å bu og virke på Søre Sunnmøre. Visjonen uttrykker korleis vi ønskjer å bli oppfatta. samtidig som den gir ei retning internt.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har valt verdiane *nær, dyktig, engasjert og synleg*. Desse verdiane skal hjelpe oss med å støtte opp under visjonen vår. Kjerneverdiane våre viser seg i det vi gjer, og er grunnlaget for samhandlinga både internt og eksternt.

*Nær* inneber kjennskap til kundane og marknaden. Dette gjer at kundane våre kan forvente at vi finn fleksible og gode løysingar, er venlege og imøtekomande og viser initiativ til auka kundekontakt. Gjennom å vere tilgjengelege i alle kanalar, og ved personleg kontakt, skal vi vere nær kundane våre. Nær betyr også at vi har eit tydeleg samfunnsengasjement, og saman skal vi få ting til å skje. Nær er også viktig internt. Kulturen vår er tufta på at medarbeidarane skal støtte kvarandre til å lykkast i arbeidet.

*Dyktig* inneber at kundane våre kan rekne med at vi har solid fagkompetanse, gode ferdigheiter, er ansvarlege og held det vi lovar. Vi skal ha høg etisk standard i alt vi gjer. Internt er vi opptatt av å utnytte den samla kompetansen vår, slik at kundane våre opplever at dei får dekt sitt behov for finansiell rådgiving og tenester.

#### **4. EIGENKAPITAL, KAPITALKRAV OG UTBYTTE**

Banken har fastsett mål for strategiperioden 2018-2020 om minimum 15,6 % kjernekapital. Dette målet er sett i samsvar med banken sin strategi og risikoprofil, og dei regulatoriske krava banken er pålagt.

For nærare omtale av kapitaldekningsregelverket (Basel II) viser vi til note i årsrapporten og banken sin Pilar 3-rapport.

Bankens krav til eigenkapitalavkastning etter skatt, er minst 10 % i strategiperioden.

##### **Gåve- og utbyttepolitikk:**

Sparebanken har som økonomisk mål for si verksemd å oppnå resultat som gir god og stabil avkastning på konsernet sin samla eigenkapital. Målet for EK-avkastning > 10 % inkl. konsolidert resultat frå SpareBank 1 Gruppen, og gjennom det å skape verdier som kan avsetast til sparebankfondet/gåvefond/utbytte.

Banken har dei siste åra vore restriktiv i utdeling av gåver for å bidra til styrking av sparebankfondet.

Frå 29. september 2017 har SpareBank1 Søre Sunnmøre fått eksterne eigarar som har ei forventning til avkastning på investeringa. Banken sin strategi er å gi eigarane eit utbytte på 5-7%.

##### **Overskot/underskot**

Bruk av overskot – inndekking av underskot er regulert i §§ 6-1 og 6-2 i vedtektene:

Overskotet av verksemda til banken etter frådrag for utbytte og utdeling av gåver, skal leggest til banken sine fond.

Årsoverskotet og utbyttedmidlane vert fordelte mellom grunnfondet til banken og eigardelskapitalen. Utbyttedmidlar kan nyttast til utbytte på eigardelskapitalen, til gåver til allmennyttige føremål, overførast til gåvefond eller overførast til stifting(ar) med allmennyttige formål.

Underskot etter resultatrekneskapsen for siste rekneskapsår skal ein først freiste å dekke med forholdsmessig overføring frå grunnfondskapitalen, irekna gåvefondet, og den eigardelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigardelskapital, irekna utjamningsfondet. Underskot som ikkje vert dekt slik, skal dekkast med forholdsmessig overføring frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Underskot ut over dette skal dekkjast ved nedsetting av vedtektsfesta eigardelskapital og eventuelt ved nedsetting av annan kapital.

## 5. LIKEHANDSAMING AV EIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE

### Eigenkapitalbevisseigarar

Eigenkapitalbevisa er ikkje noterte på børs.

### Transaksjonar med nærstående

Styreinstruksen i SpareBank 1 Søre Sunnmøre slår fast at ein styremedlem ikkje må delta i handsaming eller avgjerse av spørsmål som har slik verdi for eigen del eller for nokon nærstående at medlemen må vurderast, direkte eller indirekte, til å ha personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Det same følger av dei etiske retningslinene i SpareBank 1 Søre Sunnmøre. Den enkelte pliktar sjølv å sjå til at han eller ho ikkje er inhabil i handsaminga av ei sak. Styret skal godkjenne avtaler mellom banken og ein styremedlem eller administrerande direktør. Styret skal også godkjenne avtaler mellom banken og tredjemann, der eit styremedlem eller administrerande direktør måtte ha ei særleg interesse.

Styremedlemer skal på eige initiativ opplyse om det dersom den enkelte eller denne personen sine nærstående kan ha interesser i avgjerda av eit spørsmål. Med mindre styremedlemen sjølv vel å fråtre ved handsaminga eller avgjerda av ei sak, skal styret avgjere om vedkommande skal fråtre. Ved vurderinga skal det leggast vekt på alle former for personlege, økonomiske eller andre interesser hos styremedlemen og behovet for allmenta sin tillit til banken si verksemd. Dei vurderingar styret gjer i habilitetsspørsmål, skal protokollerast.

## 6. FRITT OMSETTELEG

Eigenkapitalbevisa er fritt omsettelege.

## 7. GENERALFORSAMLING

Styringsstrukturen og samansettinga av styringsorgana i ein sparebank er regulerte i Finansforetaksloven.

Generalforsamlinga er banken sitt øvste organ, og har m.a. følgande oppgåver som skal handsamast og avgjerast på den ordinære generalforsamlinga:

- Val av generalforsamlinga sin leiar for 2 år
- Val av medlemmer og varamedlemmer til styret
- Val av styreleiar og nestleiar til styret
- Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnda
- Val av leiar i valnemnda
- Fastsette godtgjering til tillitsvalde
- Godkjenning av årsrekneskapen, årsmeldinga og fråsegn frå revisor, og også disponering av årsresultat
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga

Generalforsamlinga sin leiar er omfatta av reglane for kreditt til tilsette/tillitsvalde.

Vedtak om eller fullmakt til opptak av ansvarleg lån eller annan framandkapital skal treffast av generalforsamlinga med fleirtal som ved vedtektsendring. Vedtak om eller fullmakt til å ta opp annan framandkapital skal gjerast av styret eller administrasjonen etter delegasjonsvedtak frå styret.

### Samansetning av generalforsamlinga:

7 medlemmer og 4 varamedlemmer vert valde av og blant innskytarane til sparebanken.

4 medlemmer og 4 varamedlemmer vert valde av det offentlege.

5 medlemmer og 3 varamedlemmer vert valde av og blant dei tilsette.

4 medlemmer og 1 varamedlem vert valde av og blant eigenkapitalbevisegarane.

## 8. VALNEMND

Generalforsamlinga vel ei valnemnd av og blant medlemmer og varamedlemer i generalforsamlinga. Valnemnda består av 5 medlemmer og 4 varamedlemer.

Generalforsamlinga fastset nærmare instruks for valnemnda.

Valnemnda sine oppgåver er å førebu og legge fram forslag på:

- Kundane sitt val av generalforsamlinga sine medlemmer med varamedlemer
- Generalforsamlinga sitt val av leiar
- Val av medlemmer og varamedlemer til styret, med unntak av tilsettemedlemer
- Val av styreleiar og nestleiar
- Val av leiar, medlemmer og varamedlemer til valnemnda, med unntak av tilsettemedlem og eigenkapitalbevismedlem.
- Forslag på honorar til tillitsvalde

Valnemnda skal koordinere vala på ein slik måte at samansetninga av banken sine styrande organ er balansert, også med omsyn til geografi og kjønnsfordeling.

### Valnemnda for eigenkapitalbeviseigerane sitt val

Eigenkapitalbeviseigerane vel ei valnemnd som skal ha 3 medlemmer og 3 varamedlemer.

Valnemnda skal førebu eigenkapitalbeviseigarane sitt val av medlemmer til Generalforsamlinga med varamedlemer, i tillegg til val av medlemmer og varamedlemer til valnemnda for eigenkapitalbeviseigerane sitt val.

## 9. GENERALFORSAMLING OG STYRE, SAMMENSETNING OG UAVHENGIGHEIT

Vi viser til punkt 8 for informasjon om Generalforsamlinga.

Styret skal ha 7 medlemmer med 4 varamedlemer som vert valde av generalforsamlinga. To av styret sine medlemmer med varamedlemer skal veljast av og blant dei tilsette i banken.

Styret sine medlemmer og varamedlemer blir valde for 2 år, styreleiar og nestleiar vert valde for 1 år ved særskilt val. Oppgåvene til styret følger av lov og forskrifter.

Det samla styret kan fungere som revisjonsutval, risikoutval og godtgjeringsutval til sparebanken.

Det er utarbeidd ein eigen styreinstruks som regulerer m.a. minimum tal på styremøte per år.

I vurderinga om kva krav som skal stillast om kompetanse til den einskilde styremedlem, skal det leggst vekt på at styremedlemene sin samla kompetanse fyller kompetansekravet. Det blir vist til eige punkt i instruks for valnemnda for krav til medlemmer av styret og til styret samla sett.

Det går fram av bankens etiske reglar at tilsette og tillitsvalde «ikkje må delta i førebuande behandling eller søke å påverke vedtak i saker som er til handsaming i banken dersom det ligg føre forhold som kan svekke tilliten til at vedtaket er fatta på eit uavhengig grunnlag».

## 10. STYRET SITT ARBEID

Styret har det overordna ansvaret for forvaltning og organisering av banken i tråd med lover, forskrifter, vedtekter og etter prinsipp basert på norsk anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing. Styret er ansvarleg for at dei midlane banken rår over, vert forvalta på ein trygg og formålstenleg måte. Av dette følger at styret skal syte for ei tilfredsstillande organisering av bankverksemda, og har plikt til å sjå til at bokføring og formuesforvaltning vert kontrollerte på ein trygg måte.

Styret har i tillegg følgjande hovudoppgåver: Fastsette instruks for administrerande direktør, fastsette bankens strategi, budsjett, marknads- og organisasjonsmessige mål. Styret mottar periodisk rapportering av resultat- og marknadsutvikling, leiing-, personal- og organisasjonsutvikling og utvikling i risikobildet og risikoeksponeringa for banken.

Styret fastset ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring. Styret gjer årleg ei eigenevaluering av sitt virke med tanke på arbeidsform, sakshandsaming, møtstruktur og prioritering av oppgåver.

Styret har oppretta eit godtgjeringsutval, revisjonsutval og risikoutval, som består av heile styret.

Eiga retningsline om bankens godtgjering er fastsett av styret.

## 11. RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Styret gjennomgår kvartalsvis konsernet si utvikling innanfor dei viktigaste risikoområda og har årleg ein gjennomgang av internkontrollen.

Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre har hovudansvaret for å sette grenser for, og overvake konsernets risikoeksponering. Banken sin risiko skal målast og rapporterast i forhold til dei prinsipp og den policy som styret har vedteke.

Risikostyring i SpareBank 1 Søre Sunnmøre støttar opp under konsernet si strategiske utvikling og måloppnåing. Risikostyringa skal sikre finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning. Risikostyringa er ein integrert del av leiinga sine vedtaksprosessar, og eit sentralt element når det gjeld organisering, rutinar og system.

Konsernet sine prinsipp og rammer for intern kontroll og risikostyring er nedfelte i strategi og policy for risiko- og kapitalstyring. Dette er konsernet sitt interne rammeverk for god styring og kontroll. Policyen gir føringar for konsernet sine overordna haldningar til risikostyringa, og skal sikre at konsernet har ein effektiv og hensiktsmessig prosess for dette.

Internkontroll og risikostyring er ein prosess sett i gang og gjennomført av banken sitt styre, leiing og tilsette og skal identifisere, handtere og følge opp risikoane slik at samla risikoeksponering er i samsvar med banken sin vedtekne risikoprofil.

Styret følger opp vedtekne rammeverk, prinsipp, kvalitets- og risikomål gjennom kvartalsvis rapport frå administrerande direktør og avdeling for risikostyring.

### Internkontroll finansiell rapportering

Bankens finansielle rapportering skal utførast innanfor dei gjeldande krav som er pålagde av styresmaktene, og skal bidra til å sikre relevant, påliteleg, tidsriktig og lik informasjon til tilsette, kundar og marknaden elles.

Avdeling for økonomi/finans vert leia av Banksjef Finans og Økonomi og er organisert uavhengig av forretningsområda. Avdelinga tek seg av den finansielle rapporteringa både på morbank- og konsernnivå og fastset retningsliner for månadleg, kvartalsvis og årleg rapportering frå dei ulike forretningsområda og dotterselskapa på bakgrunn av interne og eksterne krav. Banksjef Finans og Økonomi rapporterer direkte til administrerande direktør.



## Etikk og varsling

Det er utarbeidd etiske retningslinjer for konsernet og dei tilsette, og etikk er fast tema på kurs for alle nyttilsette. I tillegg vert det stilt krav til alle avdelingar i konsernet om ein årleg gjennomgang av retningslinjene. Dette skal bidra til at verdigrunnlaget og dei etiske retningslinjene blir godt kommunisert og gjort kjende i hele organisasjonen. Det er etablert klare retningslinjer for intern kommunikasjon dersom tilsette får kunnskap om forhold som er i strid med eksterne eller interne vedtak eller andre forhold som kan vere med på å skade konsernets omdømme eller finansielle situasjon.

## 12. GODTGJERING TIL STYRET

Medlemene av styret mottar ei årleg godtgjering. Godtgjeringa vert fastsett av Generalforsamlinga. Nærare informasjon om godtgjering og lån til styret sine medlemmer kjem fram i note i årsrapporten. Dersom det har vore gitt godtgjering utover vanleg styrehonorar, skal det spesifiserast.

## 13. GODTGJERING TIL LEIANDE TILSETTE

Styret er banken sitt godtgjeringsutval og handsamar saker som gjeld vurdering av og kompensasjon til administrerande direktør. Vidare skal utvalet innstille på retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette. Det er p.t. ikkje avtalt resultatavhengig godtgjering til leiande tilsette.

## 14. INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Ein oversiktleg, lett forståeleg og rettidig informasjon underbygger tillitsforholdet mellom styret, leiinga og banken sine andre interessegrupper. Informasjonspolitikken til banken legg vekt på god dialog med banken sine ulike interessegrupper der openheit, forutsigbarheit og gjennomsiktighet vert sett i fokus. Banken legg vidare vekt på at korrekt, relevant og tidsriktig informasjon om banken si utvikling og resultat skal skape tillit overfor investormarknaden. Informasjon til marknaden vert formidla gjennom børs meldingar og kvartalsvise delårsrapportar, i tillegg til eige Investor Relations-område på heimesida til banken. Banken sine års-/ delårsrapportar og presentasjonar kan ein sjå på [www.sparebanken.no](http://www.sparebanken.no).

## 15. SELSKAPSOVERTAKING

SpareBank 1 Søre Sunnmøre er ein sjølv eigande institusjon som ikkje kan bli overteken av andre gjennom oppkjøp.

## 16. REVISOR

Ekstern revisor vert valt av Generalforsamlinga. Banken har same revisor i morselskapet og i heileigd dotterselskap. Hovudoppgåva til ekstern revisor er å vurdere om banken sin årsrekneskap er gitt i samsvar med lov og forskrifter. Ekstern revisor møter i styret under handsaming av årsrekneskapen og elles etter behov. Ekstern revisor presenterer årleg ein plan for revisjonsarbeidet for revisjonsutvalet/styret. Vidare skal ekstern revisor vurdere om formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte, og at det er etablert forsvarleg kontroll. Ekstern revisor gir melding til Generalforsamlinga om desse forholda. Ekstern revisor har minst eitt møte i året med styret/revisjonsutvalet utan at administrasjonen i banken er til stades.

Styret har vedteke at banken skal ha internrevisjon, og knyter til seg eit eksternt revisjonsselskap som utfører internrevisjonsfunksjonen. Styret skal ha tett kontakt med internrevisjonen og forsikre seg om at kontrolltiltak er gjennomførte, og at forbetringstiltak vert gjennomførte etter nærare diskusjon mellom internrevisjonen og organisasjonen.